



Arkivnr: 2017/15115-1

Saksbehandlar: Karl Viken, Ingvar Skeie, Pål Kleive

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.09.2017
Fylkestinget		03.10.2017

**Tertiairrapport pr. august 2017 - rekneskapsprognose****Samandrag**

Rapporten etter 2. tertiair viser ein årsprognose på eit lite overskot for 2017; 7 mill. kr. Sett opp mot totalbudsjettet til Hordaland fylkeskommune er dette å rekna for balanse i rekneskapen. Samanlikna med 1. tertiair er det ei betring på 10 mill. kr; då prognosene var eit lite underskot på 3 mill. kr. Samanlikna med same tid i 2016 er prognosene 27 mill. kr betre, og det er gjennomgåande prognosar rundt balanse eller mindre overskot på dei aller fleste budsjettområda. Det er berre to område som har utfordringar med å halde budsjettet; opplæring med årsprognose på – 28 mill. kr og tannhelse med årsprognose på – 10 mill. kr. Stram økonomistyring med fleire rapporteringar gjennom året har truleg medverka til færre og mindre budsjettavvik enn tidlegare år.

Samferdselssektoren samla sett melder ein årsprognose på 13 mill. kr betre enn det som er budsjettet. I denne prognosene ligg til grunn eit positivt avvik på 30 mill. kr for Skyss sitt budsjett, og om lag 17 mill. kr i overforbruk på vegvedlikehaldet. Av andre større overskot kan ein nemna kraftinntektene som pr. 2. tertiair har ein prognose på 15 mill. kr i positivt budsjettavvik. Skattekapittelet medverka i 2016 til det store positive budsjettavviket. For 2017 har ein ikkje indikasjonar på at skatteinntektene vil få betydeleg budsjettavvik.

Eit positivt resultat eller balanse ved slutten av året er bra, men vil ikkje i seg sjølv betre den økonomiske stoda til fylkeskommunen. Difor vil varige kostnadsreduserande tiltak ha prioritet i arbeidet med budsjettet for 2018. Dette er naudsynt; m.a. for å handtere utfordringa med kostnadsauke i nye ferjekontraktar som får verknad frå 2018, og for å betre den økonomiske stillinga til fylkeskommunen.

Som nemnt ved tidligare rapporteringar er det liten fare for rekneskapsunderskot i 2017. Det kjem av at det i budsjettet for 2017 er sett av 70 mill. kr til finansiering av investeringar, ein minimumsbuffer for endringar i budsjettåret.

Det er gjort framlegg om nokre endringar av driftsbudsjettet. I tillegg er det på investeringsbudsjettet gjort framlegg om budsjettendringar – i hovudsak som følge av endra framdrift for nokre prosjekt. Endringane i investeringsbudsjettet i denne saka gjer at ein kan redusere det planlagde låneopptaket til fylkeskommunen i 2017 med 58,5 mill. kr.

## Forslag til innstilling

1 Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.

2 Budsjettet for 2017 vert endra slik:

a) Drift:

Art	Stad	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
14700	600 780 00	Lærlingtilskot	6 000 000	
18000	700 200 00	Rammetilskot	2 000 000	
18000	700 200 10	Inntektsutjamning		8 000 000
			8 000 000	8 000 000

b) Investering:

Art	Stad	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
02300	300 270 00	07806	Bussanlegg Askøy		4 000 000
02300	300 420 00	07602	Fylkesveginvesteringar		74 900 000
07700	300 420 00	07602	Fylkesvegar - bompengar	49 900 000	
02100	310 235 00	07803	Bybanevogner Bybanevogner -	27 000 000	
08100	310 235 00	07803	belønningsmidl.		45 000 000
02300	320 075 20	07904	Bybanen 4.byggjesteg	22 000 000	
07700	320 075 20	07904	Bybanen bompengar	78 000 000	
02300	614 020 00	06026	Nye Voss gymnas		60 000 000
02300	617 020 00	06034	Tertnes vgs.		10 000 000
02300	621 020 00	06030	Bergen Katedralskole - tilbygg		15 000 000
02300	638 020 00	06029	Åsane vgs.	20 000 000	
06701	773 200 00	07321	Sal Arna vgs.		3 000 000
02300	777 021 00	03001	Skulebruksplanen - planmidl.		2 000 000
09100	790 100 00	09980	Lån Bruk av disp.fond (oversk.	58 500 000	
09400	790 100 00	09980	2016)		68 400 000
07290	790 110 00	09980	Momskompensasjon	26 900 000	
				282 300 000	282 300 000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

**Fylkesrådmannen, 11.09.2017**

## Investeringar

Tabellen gjev oversyn over kor mykje som er bruk til investeringar pr. 2. tertial 2017:

	Rekn. pr. aug.	Årsbudsj.	Forbruk i % av årsbud.
Administrasjon	16 786	26 000	64,6 %
Fylkesvegar	612 660	1 463 800	41,9 %
Andre samferdselsføremål	137 791	420 010	32,8 %
Kultur	0	3 000	0,0 %
Tannhelsetenesta	9 353	10 000	93,5 %
Opplæring	313 287	535 000	58,6 %
Anna	17 513	32 000	54,7 %
<b>TOTAL</b>	<b>1 107 390</b>	<b>2 489 810</b>	<b>44,5 %</b>

Status for framdrift og økonomi i dei enkelte investeringsprosjekta er omtalt nedanfor. Dette viser at ein i nokre prosjekt ligg litt etter opphavleg framdriftsplan, mens ein i andre har forsert framdrifta og får meir utgifter i år enn budsjettert. I nokre av prosjekta vert det gjort framlegg om budsjettendring.

## Opplæring

### Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren

Løyvinga for 2017 er på 75 mill. kr, og av dette er om lag 70 mill. kr fordelt eller foreslått fordelt i politiske saker som er under handsaming. Samla forbruk pr. 30 august var om lag 28 mill. kr. Dei største nye prosjekta som er vedtekne inneverande år er tiltak ved; Os vidaregående skule - oppgradering av D-blokka, Fyllingsdalen videregående skole - utbetring av ventilasjon og Arna vidaregående skule - Ombygging media og kommunikasjon.

I høve til Arna er det utarbeidd eiga sak. Der er det tilrådd at ein rehabiliterer og samlar heile skulen i Vestliveien. Samla forbruk er relativt lågt pt. men vil auke ut over året.

### Skulebruksplan - planmidlar

Midlane er knytte til gjennomføring av skulebruksplanen og endringar som er vedtekne der. Midlane vert primært nytta i tidleg fase av prosjekta; og til planlegging, koordinering og utgreiingar. Ein ser at midlane er viktig for å sikre gode prosessar og gode grunnlag for avgjerder. Samla behov vert likevel mindre enn budsjettert, og ein rår til at løyvinga for 2017 vert redusert med 2 mill. kr.

### Odda vidaregående skule. - Rehabilitering

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 159 mill. kr, og løyving i 2017 på 85 mill. kr. Forbruket for inneverande år er pr. 31 august på om lag 50 mill. kr og forbruket i 2017 vert om lag som budsjettert. Prosjektet er venta sluttført sommaren 2018.

Som opplyst i rapporteringa for første tertial er dei bygningsmessige utfordringane i prosjektet undervurdert i budsjettet. Arbeidet med å kartlegge samla kostnad er i sluttfasen, og det vil truleg vera behov for høgare løyving i 2018 enn det som er lagt til grunn tidlegare.

### Nye Voss gymnas

Det er i budsjettet for 2017 løvd 130 mill. kr til vidareføring av prosjektet Nye Voss gymnas. Arbeidet er forventa sluttført i første halvår 2018. Det er eit etterslep på utbetaling av kostnader i prosjektet, så ein rår difor til at 60 mill. kr vert flytta frå inneverande års budsjett til 2018. Sluttpognoson tyder på at prosjektet vil bli ferdigstilt til ein noko lågare kostnad enn budsjettetramma.

### Åsane videregående skole

Romprogrammet vart vedteke i juni 2016 med ei total prosjektramme på 980 mill. kr Denne ramma er seinare redusert med 100 mill. kr i FT-sak 11/2017 i mars i år.

Som ein premiss i saka blei det også lagt til grunn eit tilskot frå Bergen kommune som var knytt til kulturdelen. Bergen kommune har vedteke å finansiere kulturdelen, og prosessen med å finne endeleg avtaleform er under arbeid.

Skulen er planlagt ferdigstilt til skuleåret 2020/ 2021. Så langt i år er det nytta om lag 20 mill. kr. Prosjektet har hatt raskare framdrift enn budsjettet. Fylkesrådmannen rår til at prosjektet får auka løying i 2017 med 20 mill. kr, men at planlagde løyvingar framover i økonomiplanperioden vert redusert tilsvarende.

### Tertnes videregående skole

Romprogrammet vart vedteke i februar 2016 med ei total prosjektramme på 210 mill. kr. Løyvinga for 2017 er på 115 mill. kr, og forbruket i 2017 på vel 20 mill. kr. Framdrifta er stram, men med planlagd ferdigstilling av tilbygget til skuleåret 2018/2019. Kostnadane i 2017 vert truleg lågare enn budsjettet. Ein rår til at 10 mill. kr vert flytta frå 2017 til 2018. Sluttpognoson tyder på at prosjektet vil bli ferdigstilt til noko lågare kostnad enn budsjettramma.

### Bergen Katedralskole – tilbygg

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 165 mill. kr. Av dette er 70 mil. kr løyvd i 2017. Framdrifta i prosjektet er i samsvar med vedtekne planar. Betalingsplanar og etterslep på andre kostnader viser at totale kostnader i 2017 blir lågare enn budsjettet. Ein rår til at 15 mill. kr vert flytta frå 2017 til 2018. Sluttpognoson tyder på at prosjektet vil bli ferdigstilt til noko lågare kostnad enn budsjettramma

## Samferdsel

### Bussanlegg Sunnhordland

Prosjektet omfattar bygging av nye bussanlegg på Stord og på Bømlo. Begge bygga vart tekne i bruk i juli i år. Prosjekta er inne i sluttfasen, og kostnaden vil ende opp innanfor vedteken ramme.

### Bussanlegg Askøy

Prosessens opp mot Askøy kommune har teke lengre tid enn lagt til grunn i budsjetta. Ein legg difor til grunn at det vert nytta avgrensa kostnader til prosjektet i 2017. Fylkesrådmannen rår til at 4 mill. kr vert flytta frå 2017 til 2018.

### Terminalbygg/ sjåførfasilitetar

Det er i 2017 løyvd 2 mill. kr til føremålet, utan at midlar er nytta så langt i år. Det har teke lengre tid enn opphavleg lagt til grunn å avgjere kvar nye sjåførfasilitetar skal etablerast, og ein har heller ikkje registrert behov for større tiltak knytt til terminalbygg. Ein reknar med å kome i gang med innkjøp av mobile løysingar i år, og ein rår til at midlane vert nytta til dette.

### Bybanen – vognmateriell

Pr. 2017 er det investert i 28 vogner a 42 m til drift på strekninga Bergen - Flesland. I løpet av økonomiplanperioden må det investerast i vogner til byggetrin 4; som skal gå mellom sentrum og Fyllingsdalen. I budsjettet for 2017 er det sett av 74 mill. kr i fylkeskommunal finansiering til forlenging av eksisterande vogner. I tillegg skulle budsjettet dekke planleggingsmidlar til innkjøp av nye vogner til byggetrin 4.

Fylkesrådmannen meldte ved rapportering pr. 1. tertial at ein ville koma attende med reviderte tal etter ein nærmare gjennomgang på kva kostnadar som ville kome i 2017. Gjennomgangen viser at kostnaden for 2017 vil verte 101 mill. kr; ein auke på 27 mill. kr samanlikna med budsjettet. Størstedelen av auken kjem av kontraktmessig prisjustering og at ein større del av kostnaden kjem i 2017 enn lagt til grunn ved utarbeiding av budsjettet.

Fylkeskommunen har vidare lukkast med å få statlege belønningsmidlar på 45 mill. kr til finansiering av bybanevognene. Det gjer at den fylkeskommunale finansieringa kan reduserast med 18 mill. kr, sjølv om det totale budsjettet for vognmateriell i 2017 vert foreslått justert opp frå 74 mill. kr til 101 mill. kr.

## Fylkesvegar

Fylkesrådmannen vil nedanfor gje ein kort statusrapport for strekningsvise prosjekt, programområda, standardhevingstiltaka og rassikringsprosjekta. Det vil vera nokre framlegg til budsjettjusteringar.

### Bergensprogrammet – store prosjekt

#### Ringveg Vest byggetrinn 2

Det er budsjettert med 80 mill. kr til sluttføring av prosjektet. Arbeid innan elektro, overvaking og styringssystem skal avsluttast. Prognosene for 2017 er eit mindreforbruk på 39 mill. kr, og fylkesrådmannen foreslår å redusera budsjettet for 2017 med bompengefinansiering lik denne summen.

#### Hjellestadvegen

Godkjent reguleringssplan ligg føre, og i 2016 vart prosjektering og grunnerverv gjennomført. Full produksjon starta i august. Kostnadsramma for prosjektet er 160 mill. kr. Budsjettet for 2017 er 50 mill. kr., og fylkesrådmannen finn grunnlag for redusera årets løying med 10,9 mill. kr i bompengar.

### Bergensprogrammet - programområda

Det er venta eit mindreforbruk på 14,1 mill. kr på programområda i Bergensprogrammet. Det er større budsjettavvik innan planlegging, kollektivtiltak, gang og sykkel, miljø- og sentrumstiltak og trafikksikringstiltak.

Avvika skuldast i hovudsak at endra framdrift på prosjektering, manglende godkjenning av planar og at utarbeiding av konkurransegrunnlag har teke meir tid enn føresett.

Fylkesrådmannen vil gjera budsjettendringar innanfor dei ulike programområda i samsvar med fullmakt.

I byggeprogrammet til Bergensprogrammet er det trond for å setje av midlar til oppgraderingar langs Bybanen. Dette handlar primært om betring av funksjonalitet, og utbetring av tekniske løysingar som ikkje fungerer tilfredsstillande i dagleg drift. For å dekka desse behova i 2017 rår fylkesrådmannen til at det vert løvd 7 mill. kr ekstra til programområda i 2017.

### Bergensprogrammet - redusert bompengefinansiering

Fylkestinget og bystyret i Bergen har vedteke at Plan- og byggeprogrammet i Bergensprogrammet skal reduserast med 70 mill. kr i 2017. Bakrunnen er at bompengeinntektene i bomringen i Bergen er lågare enn lagt til grunn etter innføringa av tidsdifferensierte takstar.

Byrådet gjorde følgjande vedtak i saka:

- «1. Bergen kommune slutter seg til forslag fra Hordaland fylkeskommune for å oppnå balanse mellom inntekter og utgifter i Bergensprogrammet i 2017, jf. brev av 5. juli 2017.
- 2. Bergen kommune er bekymret over gjentakende mindreforbruk innenfor programområdene «kollektivtiltak» og «gang- og sykkeltiltak». Bergen kommune peker på behovet for et felles fokus på denne utfordringen i det forestående arbeidet med ny bypakke og byvekstavtale.
- 3. Melding om vedtak sendes bystyrets kontor.»

Ressurstrøngen har på fleire område endra seg i høve til føresetnadane då plan og byggeprogrammet vart utarbeidd. Dermed ser det ut til at det let seg gjera å få balanse mellom bompengteinntekter og utbetalingar i løpet av året utan å utsetja eller stoppa prosjekt.

### **Strekningsvise prosjekt utanom Bergen**

#### **Kvammapakken (Kvam)**

Prosjektet Nes – Norheimsund er under bygging. Fyrste delstrekning er ferdigstilt. Den resterande delstrekninga har kontraktfesta frist i oktober 2017.

For Kvammapakken er det venta eit mindreforbruk på 9 mill. kr i 2017. Avviket skuldast i hovudsak seinare oppstart av tiltak på strekninga Øystese – Skarpasvingen. Ein mindre delstrekning er her under bygging ved Laupsa. Dette er viktig for å få fjerna ein flaskehals når det er naudsynt at Fv7 vert nytta som omkjøringsveg for E16.

#### **Bømlopakken (Bømlo)**

Bømlopakken har noko seinare framdrift enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak forseinka anleggstart på Fv. 19 Rubbestadnes - Rolfsnes. Reguleringsplan for strekninga Sakseid – Hestaneset er venta godkjent i år. Strekninga Tjong – Løvegapet er venta ferdigstilt i løpet av 2017. Prosjektet Stokkabekken – Siggjarvåg vart ferdig i sommar.

#### **Fv 209 Storskaret – Arefjord (Fjell)**

Budsjettet for 2017 for dette prosjektet er 55 mill. kr. Det er venta eit mindreforbruk på 10 mill. kr i 2017. Det er lagt opp til sluttoppgjer i september 2017. Totalkostnaden er venta å vera innanfor styringsramma.

#### **Fv158 Grindavoll – Lepsøy (Os).**

Det er venta eit mindreforbruk på 3 mill. kr i 2017. Strekninga som er ferdigstilt er Grindavoll – Vågshaugen. I samråd mellom Os kommune og Hordaland fylkeskommune vert to mindre punkt for å betre møtesikt utbetra. Arbeidet vert ferdigstilt i 2017.

#### **Fv6 Haugalandspakken Sveio-Buavåg (Sveio)**

Budsjettet for 2017 er på 10,6 mill. kr, og det er meldt om eit lite mindreforbruk når prosjektet no er ferdigstilt.

#### **Fv 545 Stord vestside (Stord, Fitjar)**

Det er venta eit meirforbruk på 20 mill.kr. Dette skuldast i hovudsak at entreprenøren har ein intensiv framdriftsplan på prosjektet Rimbareid- Vik. Det er ikkje venta meirkostnader i høve til tilbodet som er gitt for prosjektet. I tillegg vert prosjektet Snikkarsvingen i Sagvåg sentrum ferdigstilt i år.

#### **Askøypakken (Askøy)**

Det er venta eit mindreforbruk på 36,6 mill.kr i 2017. I hovudsak er årsaka at framdrifta på prosjekta Strømsnes – Hop og Lindhaugen – Slettebrekka er forseinka. I tillegg er det for fleire av delprosjekta i pakken trond for å gjera reguleringsendringar og tilleggsutgreiingar.

#### **Nordhordlandspakken**

Det er ikkje venta avvik for denne pakken i 2017. Fv. 565 Marås-Soltveit er under prosjektering og konkurransegrunnlaget er venta ferdig i haust. Fleire reguleringsplanar på andre prosjekt er sett i gang.

#### **Kollektivterminal Voss**

Det er ikkje venta budsjettavvik på prosjektet i 2017, sjølv om ein ikkje startar på prosjektet. Det meste av kostnadene i år er gått til venterom/terminalbygget i regi av ROM eigedom. Det er avtale mellom stat og fylke på deling av kostnadene til terminalbygget. Sjølve kollektivterminalen er no klar for utlysing.

#### **Askøybrua – fysiske tiltak**

Det meste av sikringsarbeidet med mellom anna eit høgt gjerde er utført. Det var vidare lagt opp til å få utført nokre mindre oppgraderingstiltak ved bruhaugen. Røynsler frå tilsvarende arbeid på Nordhordlandsbrua gjør at Statens vegvesen ikkje kjem til å gjennomføra desse planlagde tiltaka. Fylkesrådmannen finn difor grunnlag for å foreslå å redusere løyvinga med 19 mill. kr.

#### Fv 161 Åsen – Helleskaret (Os)

Det er venta eit mindreforbruk på 18 mill.kr i 2017. Tiltaket vart prosjektert i tråd med reguleringsplan. Tilbod frå entreprenør var høgare enn føresett, og difor vart bruk av opsjon avlyst. Os kommune går i gang med å justera reguleringsplanen, og tek truleg over ansvaret for å gjennomføre prosjektet. Ein kjem uansett ikkje i gang med prosjektet før tidlegast i 2020. Fylkesrådmannen finn difor grunnlag for å foreslå å redusere løyvinga med 18 mill. kr.

#### Mindre utbetrinigar, programområde utanom Bergen og standardhevingstiltak

For tiltak innanfor desse områda er prognosene eit meirforbruk på knappe 4 mill. kr. Det er svært mange tiltak innanfor dei ulike områda og sekkepostane. Det er mellom anna innanfor programområdet kollektivtiltak opp mot 30 tiltak. Årsakene til avvika er ulike, men er ofte knytt til endra framdrift på grunneverv, trong for planavklaringar og behov for reguleringsendringar. Fylkesrådmannen ser likevel positivt på at prognosene tyder på at budsjettløyvinga for 2017 vert nytta og dermed at planlagde prosjekt i stor grad vert gjennomført.

#### Rassikring

##### Fv7 Bjørgatunnelen/ Lussandberget (Granvin).

Tunnelen vart opna for trafikk i november 2016. Sluttoppgjeret for prosjektet står att, men førebels legg ein til grunn at totalprognosene for prosjektet er innanfor opphavleg kostnadsramme.

##### Fv344 Oddaneset (Vaksdal)

Prosjektet starta i 2016, og det er sett av 4 mill. kr i 2017 til sluttføring . Det er venta eit mindre overforbruk på prosjektet grunna uforutsette kostnadskriser til fjellsikring grunna rasfare.

##### Fv551 Furebergfossen bru (Kvinnherad)

Det er sett av 5 mill. kr til planlegging. Prognosene etter 2. tertial er at det vert eit mindreforbruk ettersom det har teke lengre tid enn ein rekna med å handsama reguleringsplanen. Mellom anna har NVE stilt krav om utgreiingar. Når reguleringsplanen er godkjent, vil ein starte arbeidet med utlysning av prosjektet.

#### Diverse rassikringstiltak

Diverseposten er i 2017 fordelt til akutt rassikring ved Mundheim. Her ventar ein eit meirforbruk. Dette på grunn av at ein har avdekka lausmasser i fjellet over det området som skulle sikrast.

Det er større behov for midlar under diverseposten i år enn tidlegare. Det har gått fleire ras der det er behov for å gjere mindre sikringar. Trong for ekstra midlar i 2017 er summert til 5 mill. kr, og fylkesrådmannen rår difor til at posten for diverse rassikringstiltak vert auka med 5 mill. kr.

Fylkesrådmannen kjem attende til tiltaka over og andre rassikringstiltak i budsjettet for 2018. Ein vil då også ha betre oversyn over kva statlege tilskotsmidlar ein kan rekna med til rassikringsprosjekt.

#### Bybanen

##### Byggetrinn 3 Lagunen – Flesland

I budsjettet for 2017 er det sett av 100 mill. kr til sluttfinansiering av dette byggetrinnet. Det er pr. 2 tertial ikkje signalisert avvik. Fylkesrådmannen kjem attende til status på prosjektet når det er avslutta.

##### Byggetrinn 4 Sentrum – Fyllingsdalen

Stortinget har godkjent at det kan nyttast inntil 200 mill. kr av bompengane i Bergensprogrammet til byggetrinn 4 – strekninga mot Fyllingsdalen. I sak med ny gjennomgang av investeringsbudsjettet til fylkestinget i mars vart budsjettet for prosjekterings- og planleggingsarbeidet redusert til 116 mill. kr i 2017. Det er venta eit mindreforbruk i år på vel 28 mill.kr. Fylkesrådmannen rår difor til at budsjettet for 2017 vert redusert med denne summen; 28 mill. kr i bompengar.

Stortinget sitt vedtak om bruk av bompengar til strekninga mot Fyllingsdalen omfatta ikkje grunnevervkostnader. Fylkestinget har difor tidlegare vedteke forskotering på 30 mill. kr til grunnkjøp. Sidan byvekstavtalen først vert gjeldande frå komande årsskifte, vil det vera behov for å auka denne forskoteringa med om lag 50 mill. kr og fylkesrådmannen rår til å auke forskoteringa med denne summen. Fylkeskommunen si forskotering vert betalt attende som ein del av byvekstavtalen.

## Kultur

Det er sett av 3 mill. kr til restaurering av verneverdige bygg i fylkeskommunal eige. Fylkesrådmannen rår til at løyvinga vert nytta på Stend der behovet er 3 mill. kr. Planlagde tiltak på Stend er m.a. knytt til:

- Utvendig rehabilitering av Posthuset
- Maling og anna utbetring av Stasjonsbygningen
- Utbetring av Meieribygningen
- Steingard langs hovudvegen

## Tannhelse

### Ombygging / nybygg

I budsjettet for 2017 er det budsjettet med 5 mill. kr til tannklinikkar, og av desse er 3 mill. kr forutsett løyvd til Askøy tannklinik. Den nye tannklinikken på Askøy er teken i bruk i samsvar med plan, men sluttoppgjer har teke noko lengre tid enn lagt til grunn. Samla held prosjektet seg innanfor ramma

Det pågår vidare prosessar i høve til nye lokale i Knarvik og i Arna. Dette er i samsvar med vedtak i gjeldande planar. Av desse er det Arna som har tidlegast forventa byggjestart. Planprosessen i Knarvik kan finansierast innanfor løyvinga frå tidlegare år. Restande budsjett - 2 mill. kr - vert fordelt til prosjektet i Arna.

## Fellesfunksjonar

### Fylkeshuset – ombygging/opprustning

Det er løyvd 3 mill. kr til dette i 2017, men så langt er ikkje midlane nytta. Bygget er slitt og har behov for totalrehabilitering. Det pågår ein prosess for vidare utvikling av fylkeshuset. Fylkesrådmannen rår difor til at berre heilt påkravde tiltak vert gjennomført.

### Sal av eigedom

Det er for 2017 budsjettet med totalt 10 mill. kr i sal av eigedom. Så langt er det netto inntektsført 2,4 mill. kr. Desse inntektene kjem frå salet av tidlegare Florvåg tannklinik. Fleire salsprosessar pågår – m.a. knytt til bygg i Tunesvegen i Arna, Ibsensgt. 118, tomt på Melkeplassen og utflytta eigedomar i Norheimsund og Etne. Mange av salsprosjekta er ikkje venta fullført før i 2018. I 2017 reknar ein med at salsprosessane vil medføre 3 mill. kr meir inntekter enn budsjettet.

### IT-fellessystem

Løyvinga er på 23 mill. kr, og det er ikkje meldt om avvik i forhold til budsjettramma pr. 2. tertial.

## Oppsummering budsjettendringar investeringar

Under er tabell som summerer opp alle justeringane som vert gjort på investeringssida etter 2. tertial:

	kr 1 000
Ringveg vest, byggjesteg 2	-39 000 (Bompengefinansiert)
Hjellestadveien	-10 900 (Bompengefinansiert)
Åsen - Helleskaret	-18 000
Askøybrua - fysiske tiltak	-19 000
Diverse rassikringstiltak	5 000
Programområde Bergensprogrammet	7 000
<b>Sum fylkesvegar</b>	<b>-74 900</b>
Bybanevogner	27 000
Bybanen byggjesteg 4	-28 000 (Bompengefinansiert)
Bybanen byggjesteg 4 - grunnerverv	50 000
Bussanlegg Askøy	-4 000
<b>Sum bybane / kollektivtrafikk</b>	<b>45 000</b>
Skulebruksplanen	-2 000
Nye Voss gymnas	-60 000
Åsane vgs.	20 000
Tertnes vgs.	-10 000
Bergen Katedralskole - tilbygg	-15 000
<b>Sum skolar</b>	<b>-67 000</b>
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>-96 900</b>
<b>Finansiering:</b>	
Salsinntekt	3 000
Belønningsmidlar til bybanevogner	45 000
Bruk av disposisjonsfond (overskot frå 2016)	68 400
Momskompensasjon	-26 900
Bompengar	-127 900
Lån	-58 500
<b>Sum finansiering</b>	<b>-96 900</b>

Budsjettet for investeringar vert redusert med til saman 96,9 mill. kr.

På finansieringssida er det teke inn 45 mill. kr i belønningsmidlar til bybanevogner. Vidare har ein teke inn 68,4 mill. kr av overskotet frå 2016, som er vedteke skal nyttast til finansiering av investeringar. Bruken av bompengar er redusert som følgje av lågare forbruk til bybane og vegar. I tillegg er det retta opp ein feil frå opphavleg budsjett. Der vart det lagt inn statstilskot på 50 mill. kr til bybanen byggjesteg 4, utan at bruken av bompengar vart redusert tilsvarende. Det låg dermed inne meir finansiering på prosjektet enn budsjettet forbruk.

Som følgje av endringane i denne saka går budsjettet bruk av lån ned med 58,5 mill. kr.

## Drift

### Statsbudsjettet og revidert nasjonalbudsjett

Stortinget vedtok statsbudsjettet for 2017 den 15. desember 2016, etter at fylkestinget hadde gjort sitt budsjettvedtak. Det vart gjort nokre justeringar i rammetilskotet til fylkeskommunane. For Hordaland har dette slike utslag:

	<u>Kr 1 000</u>
Auka satsar for lærlingtilskot	5 011
Kompensasjon for auka CO2 avgift	1 388
Justeringer i skatteopplegget	-693
Reduksjon i midlar til opprusting av fylkesvegar	-11 720
Netto endring i rammetilskot	<u>-6 014</u>

Revidert nasjonalbudsjett vart lagt fram 11. mai 2017. Her vart det også gjort nokre justeringar i rammetilskotet.

	<u>Kr 1 000</u>
Auka satsar for lærlingtilskot	1 002
Endringar i skatteopplegget	2 970
Netto endring i rammetilskot	<u>3 972</u>

Konklusjonen etter dette er at budsjettet rammetilskot må setjast ned med 2 mill. kr.

Opplæringsavdelinga rapporterer om overskridning på lærlingtilskot. Denne posten bør difor styrkast med 6 mill. kr, slik det var føresett i statsbudsjettet og revidert nasjonalbudsjett.

Samferdselsavdelinga melder om innsparing. Det er ikkje behov for å styrke budsjetta for ferjer og båtruter som følgje av endra CO2 avgift. Fylkesrådmannen vil ikkje rå til å redusere budsjettet for opprusting av fylkesvegar. Ein har dermed eit inndeckningsbehov på 8 mill. kr.

Eit alternativ kunne vere å auke skatteoverslaget, men dette er usikkert. Fylkesrådmannen viser til omtalen av skatteinngang seinare i saka. Så langt i år er tendensen at Hordaland har hatt lågare vekst i skatteinngangen enn landsgjennomsnittet. Dermed får ein meir i inntektsutjamning enn lagt til grunn i budsjettet. (Inntektsutjamning blir betalt ut saman med rammetilskotet.) Fylkesrådmannen vil difor foreslå at ein justerer opp inntektsutjamninga med 8 mill. kr.

Fylkesrådmannen foreslår etter dette følgjande budsjettendring i drifta:

Utgifter:	<u>kr 1 000</u>
Lærlingtilskot	+6 000

Inntekter:	
Rammetilskot	-2 000
Inntektsutjamning	+8 000

### Kvartalsvis rapportering med nytt verktøy

I 2016 innførte fylkesrådmannen ordning med kvartalsvis rapportering for å følgja budsjettstyringa tettare. I samband med dette vert det utarbeidd kvartalsvise rapportar frå kvar avdelingsdirektør. Det er fokus på avvik i høve til førra prognose, og oppfølging av tiltak frå førra rapportering. Frå første kvartal 2017 vart det

nye økonomisystemet Visma teke i bruk i den kvartalsvise rapporteringa. Dette innebar at kvar eining måtte rapportere status for kvartalet og i tillegg ein årsprognose. Det gjev fylkesrådmannen og einingane eit felles verktøy for å synleggjere moglegheiter og utfordringar. Dette har gitt enda betre høve til å følgje budsjettstyringa tettare. Kvaliteten på rapporteringa har gradvis vorte betre. Det gjev avdelingsdirektørane og fylkesrådmannen betre oversikt.

## Politiske organ og administrasjon

Budsjettet for politisk verksemd synest å bli noko knapt i 2017. Det kan gå mot ei overskridning på opp mot 1 mill. kr.

I fylkesadministrasjonen er det stort sett godt samsvar mellom rekneskap og budsjett. Men på nokre postar kan det bli innsparinger. Det er mellom anna sett av 4 mill. kr til prosjektmidlar i samband med regionreforma. Det er no klart at Hordaland og Sogn og Fjordane får 30 mill. kr frå staten til eingongskostnadene i samband med samanslåinga. Dermed er det usikkert om det også vert behov for å nytte av eigne midlar til dette i 2017. I prognosene har ein ført opp ei innsparing på 4 mill. kr.

## Lønsavsetjing og pensjonskostnader

Ein har ikkje nye opplysningar i høve til det som vart lagt fram etter 1. tertial. Pensjonsselskapa brukar å leggje fram nye prognosar i løpet av september, så det kan kome endringar. Førebels er 5 mill. kr i positivt budsjettavvik årsprognosene; det same som ved 1. tertial.

## Opplæring

Prognosene for opplæringssektoren samla er ei budsjettoverskridning på 28 mill. kr. Det er framleis uvisse med denne prognosene, og overskridninga er auka med 2 mill. kr i forhold til prognosene pr. 1 tertial 2017. Under er omtale som kort forklarar avvik og endringar i årsprognosene

For skulebudsjetta samla ser det ut til å gå mot budsjettoverskridning på 48 mill. kr. Omlag 27 mill. kr av meirforbruket kan dekkast ved overføringer frå skulane sine disponibele fond. Ytterlegare 15 mill. kr kan dekkast ved å nytte buffer knytt til lågare premie til SPK for å avhjelpe skulane i 2017. Samla sett er difor prognosene for dei vidaregåande skulane omlag 7 mill. kr i meirforbruk. Det er ulike årsaker på kvar skule til dette budsjettavviket, og fylkesrådmannen har gjennom kvartalsrapporteringa sett i verk tiltak både på kort og lang sikt.

Utover skulekapitlet ligg det an til underskot på 21 mill. kr. Område med negativt resultat er som rapportert pr. halvår mellom anna voksenopplæring, lærlingtilskot og fagprøvar.

Fylkesrådmannen følger også i år kostnadsutviklinga innan opplæringssektoren med stor merksemd. Avdelinga er særskilt viktig for totaløkonomien, og det er avgjerande å få kontroll med kostnadsutviklinga i opplæringssektoren. Det er difor viktig å halda fram med den stramme budsjettstyringa og relevante tiltak i skulane, og i opplæringssektoren elles. Fylkesrådmannen er nøgd med arbeidet som er gjort ved kvar einskild skule i samband med kvartalsrapporteringane.

## Tannhelsetenesta

For tannhelsesektoren synte tala ei relativt stor budsjettoverskridning etter fire månadar. Budsjettet for 2017 er nokså stramt, og fylkestannlegen meldte om ein negativ årsprognose på 15 mill. kr. Prognosene er no forbetra, og justert til eit negativt årsresultat på 10 mill. kr. Den betra prognosene kjem av at det er sett i verk mange tiltak i sektoren.

Det er fleire moment som samla bidreg til at tannhelse melder om eit større negativt budsjettavvik i 2017.

TKVest/Hordaland er eininga der dei økonomiske utfordingane er størst. Sjølv om det er fleire år sidan senteret opna, har ikkje økonomien for senteret sett seg. Senteret har fått budsjettstyrkingar dei siste åra, men prognosene tyder på desse ikkje har vore tilstrekkelege. Prognosene for senteret er eit negativt resultat på over 4 mill. kr.

Vidare vil det vera fokus på kostnadsnivået i tannhelseeiningane. Pr. 2. tertial har 2 av 3 klinikkar budsjettoverskriding. Samla summerer dette seg til 7,5 mill. kr. Tannhelseavdelinga sentralt har ein positiv prognose på om lag 2 mill. kr; i hovudsak grunna innsparingar på fordeling av utstyr til klinikkanne. Fylkestannlegen har sett i verk ulike tiltak; m.a. sagt opp bonusordninga til tannpleiarar og provisjonsordninga til tannlegane. Eit viktig poeng til sist er at problemet med ufakturerte og forelda krav no er rydda opp i; m.a. grunna betre rutinar og overgangen til nytt økonomisystem.

## Regional utvikling

Regionalavdelinga har etter fleire år med budsjettredusjonar eit nokså stramt årsbudsjett for 2017. Avdelinga har fokus på tenestene i drifta, samstundes som det er god budsjettkontroll. I beste fall kan Regionalavdelinga slik stoda er få eit mindre positivt budsjettavvik for heile 2017, men førebels er prognosene sett til balanse.

## Kraftinntekter

Det er budsjettert med netto inntekt på 40 mill. kr frå sal av konsesjonskraft i 2017. Marknadsprisen på kraft tok seg noko opp i fjor haust, og har i år for det meste halde seg i området 20-30 øre pr. kWh. Den siste prognosene tyder på at ein i 2017 kan kome opp i 55 mill. kr i netto inntekt. Med det vil ein oppnå 15 mill. kr betre enn budsjettert.

## Samferdsel

### Fylkesvegvedlikehald

Prognosene for vegvedlikehaldet syner meirforbruk i høve til løyvinga for 2017. Det er sett i verk tiltak for å redusere meirforbruket, men slik det ligg an no, er prognosene budsjettoverskriding på 17 mill. kr. Av dette skuldast størsteparten avvik i utviklinga mellom indeks som ligg til grunn for budsjettet, og indeksen som ligg til grunn for justering av driftskontraktane.

For vinterdrifta ventar ein også i år eit meirforbruk på dei mengdebaserte oppgjera. Dette skuldast dei utfordrande vertilhøva med mange dagar der temperaturen har vore mellom 0 og +5 grader med høg luftfuktigkeit. Særleg påverkar dette dei indre delane av Hordaland. Det har og kome mykje nedbør som har ført til auka utgifter til opprydding etter ras og flaum. Nedbørmengda framskundar forfallet når utvaskinga fører til setningsskadar, synkehøl og utrasing av vegar og murar.

### Kollektivtransport

Skyss melder om prognose på overskot i drifta med 30 mill. kr. Det er særleg kostnadssida som har positivt budsjettavvik som gjer at det samla ligg an til overskot. Det er også god utvikling i passasjertalet, og inntektssida ligg noko over det nivået som vart budsjettert for 2017.

Det er framleis nokre moment som kan gje utslag i siste del av 2017. Dette gjeld korleis kostnads- og inntektsoversлага vil slå til under gjennomføringa av sykkel- VM. I tillegg er det risiko rundt økonomiske verknader av endringar i avgifta på drivstoff for buss og båt. Dei økonomiske verknadane, særskilt inntektene, av at Bybanen no går heilt til terminalen på Flesland er heller ikkje heilt klare. Utover dette er det nokre uavklarte tilhøve i høve til operatørkontraktar som kan medføra høgare kostnadar på slutten av året.

### Totalt samferdselsektoren

Samla er prognosene for samferdsel ein positiv prognose på 13 mill. kr. I dette ligg ein negativ prognose for fylkesvegvedlikehald på 17 mill. kr og eit positivt avvik for kollektivtransporten på 30 mill. kr.

Fylkesrådmannen er nøgd med utviklinga og prognosetala innanfor kollektivtransporten.

## Kultur og idrett

Kultur og idrettsavdelinga rapporter ein prognose som er i samsvar med budsjettet. Kultur og idrettsavdelinga har store delar av utgiftene knytt til løyvingar som er tildelt sektoren, og inntektene er relativt stabile. Det er difor også i år lita uvisse knytt til prognosen.

## Eigedom

Avdelinga overtok frå 1.1.2017 ansvaret for reinhaldet ved dei vidaregåande skulane. Her ser ein at ein får økonomisk vinst med å samordne ressursane under felles leiing. Det gjev m.a. betre fleksibilitet ved sjukdom/vakansar.

Leigeinntektene til avdelinga vert høgare enn budsjettet. Dette skuldast i hovudsak høgare leige knytt til tidlegare Fana Gymnas. Ein har og fått ny leigetakar i ledige lokale i Fylkeshuset.

Avdelinga ligg betre an enn budsjettet knytt til drift av administrasjonsbygg, terminaldrift og forsikring. For forsikring har ein fått meldt inn svært lite skader i år. Sjølv om det erfaringmessig kjem nokre skadar ut over hausten og det er nye bygg i løpet av året som skal forsikrast, ventar ein innsparing her.

Samla legg ein til grunn at avdelinga i år vil ha eit mindreforbruk på 4 mill. kr.

## Skatt

Skatteinngangen i Hordaland har i 2017 utvikla seg svakare enn landsgjennomsnittet. Pr. august ligg ein 56,3 mill. kr under budsjettet. Men når ein ser på summen av skatt og inntektsutjamning, låg ein berre 6,7 mill. kr under budsjettet pr. juli.

I revidert nasjonalbudsjett vart overslaget for samla skatteinntekter i kommunesektoren redusert med 700 mill. kr. Men i det siste har det kome signal frå kommunalministeren om at ein ventar meirinntekter for kommunesektoren på 4 mrd. kr. Om dette slår til, er det grunn til å forvente at også Hordaland kjem ut på pluss-sida.

Ein reknar med at regjeringa vil leggje fram oppdaterte prognosar for skatteinngangen ved framlegginga av statsbudsjettet i oktober. Førebelts legg fylkesrådmannen til grunn balanse for skatt og inntektsutjamning i prognosen.

## Renter og avdrag

Pengemarknadsrentene har vore særslig låge dei siste månadene, og Kommunalbanken har redusert sine rentesatsar i august. Det er sannsynleg at det går mot ei innsparing på om lag 5 mill. kr i 2017.

## Oppsummering - driftsbudsjettet

Under er oversyn over prognosene for dei ulike områda oppsummert:

	mill. kr
Politiske organ og administrasjon	3
Fellesfunksjonar/ lønsavsetjing	5
Opplæring	- 28
Tannhelse	-10

Regional utvikling	0
Næringsverksemd / kraft	15
Samferdsel	13
Kultur og idrett	0
Eigedom	4
Skatt og rammetilskot	0
Renter og avdrag	5
<b>TOTAL</b>	<b>7</b>

Tertiarrapporten etter 2. tertial 2017 viser samla ein årsprognose på 7 mill. kr i overskot; i praksis balanse sett opp mot storleiken på totalbudsjettet. Rapporten viser at det er innanfor opplæring og tannhelse at det ligg an til meirforbruk. Samferdsel, lønsavsetjing, kraftinntekter, eigedom og rentebudsjettet ligg an til å koma ut positivt, medan dei andre avdelingane og områda etter denne prognosen vil ha balanse i rekneskapen for 2017.

## Risikovurdering

Fylkesrådmannen har kvartalsvis gjennomgang av økonomiske rapportar med kvar avdelingsdirektør. Gjennom rapporteringane vurderer avdelingane den økonomiske situasjonen og melder inn risiko for økonomiske avvik, kor sannsynleg det er at avvik vil oppstå og økonomiske konsekvensar. Avdelingane skisserer også eit utfallsrom om beste og verste utfall og kva som er dei største «risikoelementa» økonomisk sett. Avdelingane må også basert på deira risikovurdering sette i verk tiltak for å redusere risikoelementa. Innanfor avdelingane regional utvikling, kultur- og idrettsavdelinga, økonomi- og organisasjonsavdelinga er det lite sannsynleg med særleg avvik og relativt små økonomiske konsekvensar.

Fylkesrådmannen vurderer at det er størst risiko for avvik i prognosene for skatteinntekter, inntekter innanfor kollektivtransport, kostnadar til drift av fylkesvegane og innanfor opplæringssektoren totalt sett på grunn av det store budsjettet fordelt på mange einingar innanfor denne sektoren. Omsetjinga innanfor kollektivtransporten og opplæringssektoren er så stor at det ikkje skal store prosentvis avvik til før det blir snakk om større summar. Ved rapporteringa pr. 2. kvartal vart det avdekkja eit mindre avvik for skatteinntektene og det er framleis usikkerhet. Kollektivtrafikkinnntektene viste ein positiv tendens samanlikna med det som er budsjettert. Innanfor opplæringssektoren er prognosene overskridning, men den vert redusert av overføring av fond frå skulane og oppløysing av buffer.

Tannhelsesektoren er ein mindre sektor økonomisk sett, men den er fordelt på svært mange einingar. Prognosene etter 2. tertial viser at det kan gå mot budsjettoverskridning på 10 mill. kr. Dette er eit høgt tal, men likevel 5 mill. kr betre enn varsle i 1. tertial. Fylkesrådmannen har nylig hatt gjennomgang med fylkeskommunen sin revisor, Deloitte ASA, og deira gransking av den økonomiske situasjonen ved TKVest/Hordaland og tannhelse. Basert på dette vert ulike tiltak vurdert.

Etter 2. tertial er prognosene for opplæringssektoren ei budsjettoverskridning på 28 mill. kr. Utover overskridning på nokre skular er prognosene meirforbruk for vaksenopplæring, lærlingtilskot og fagprøver. Det nye økonomisystemet har gjort at ein har fått auka fokus på økonomistyring på den einskilde skule og region. Fylkesrådmannen ser positivt på arbeidet som er gjort og er trygg på at dette vil vera med å styrka den økonomiske situasjonen framover – og slik redusera risikoen for at større avvik oppstår.

Med så høg lånegjeld som Hordaland fylkeskommune har, er sjølv sagt rentekapitlet viktig å ha kontroll over. Det er lite som tyder på store endringar i rentenivået resten av året, og ein stor del av låna har fastrenteavtale som dempar risikoen den første tida. Fylkesrådmannen vurderer difor at det er liten risiko for avvik, men uføresette hendingar som påverkar rentenivået kan endre dette.

## Budsjettmål og målepunkt

I samband med budsjettarbeidet for 2018 vil fylkesrådmannen ta inn aktuelle målepunkt, samla for fylkeskommunen og for aktuelle avdelingar som ein vil følgja gjennom året både i dei administrative kvartalsrapportane, og i tertialrapportane til fylkestinget.

Det nye økonomisystemet gjer at ein kan vidareutvikla rapportane på fleire felt og dermed fanga opp ein større del av den fylkeskommunale verksemda. Innføringa av det nye systemet har så langt gått etter planen og rapporteringa etter 2. kvartal frå avdelingsdirektørane til fylkesrådmannen viste at ein her har mykje å vinna etter kvart som ein utnyttar systemet.

## Tabell

Under er meir detaljert oppstilling med både rekneskapstal og prognosetal. Den syner eit relativt lite positivt budsjettavvik samla sett for 2017. Prognosen pr. 1. tertial er også sett opp slik at endringa i prognosetilstanden på dei ulike områda kjem fram. I høve til 1. tertial er det ei betring i årsprognosetilstanden på 10 mill. kr.

	<b>Rekneskap aug. 2017</b>	<b>Årsbudsjett</b>	<b>Forbruk i % av årsbud</b>	<b>Prognose avvik</b>	<b>Prognose april</b>	<b>Rekneskap aug. 2016</b>
<b>Politisk, kontroll, fylkesrådm.</b>						
Kostnader:	49 171	59 121	83,2 %			43 425
Inntekter:	-3 618	-2 562	141,2 %			-3 476
<b>Netto</b>	<b>45 553</b>	<b>56 559</b>	<b>80,5 %</b>	<b>-1 000</b>	<b>0</b>	<b>39 949</b>
<b>Eigedom</b>						
Kostnader:	170 511	258 129	66,1 %			132 622
Inntekter:	-42 008	-36 159	116,2 %			-28 007
<b>Netto</b>	<b>128 503</b>	<b>221 970</b>	<b>57,9 %</b>	<b>4 000</b>	<b>0</b>	<b>104 615</b>
<b>Økonomi- og organisasjonsavd.</b>						
Kostnader:	104 717	170 345	61,5 %			99 259
Inntekter:	-11 446	-11 300	101,3 %			-10 511
<b>Netto</b>	<b>93 272</b>	<b>159 045</b>	<b>58,6 %</b>	<b>4 000</b>	<b>0</b>	<b>88 748</b>
<b>Regional utvikling</b>						
Kostnader:	186 194	209 676	88,8 %			119 790
Inntekter:	-96 166	-119 746	80,3 %			-132 541
<b>Netto</b>	<b>90 028</b>	<b>89 930</b>	<b>100,1 %</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-12 751</b>
<b>Samferdsel</b>						
Kostnader:	1 936 950	3 104 072	62,4 %			1 866 895
Inntekter:	-828 644	-1 201 968	68,9 %			-911 334
<b>Netto</b>	<b>1 108 306</b>	<b>1 902 104</b>	<b>58,3 %</b>	<b>13 000</b>	<b>23 000</b>	<b>955 561</b>
<b>Kultur og idrett</b>						
Kostnader:	242 428	373 881	64,8 %			220 266
Inntekter:	-172 446	-163 165	105,7 %			-218 526
<b>Netto</b>	<b>69 983</b>	<b>210 716</b>	<b>33,2 %</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 740</b>
<b>Tannhelse</b>						
Kostnader:	216 709	310 209	69,9 %			216 756

Inntekter:	-89 083	-105 985	84,1 %			-93 347
<b>Netto</b>	<b>127 625</b>	<b>204 224</b>	<b>62,5 %</b>	<b>-10 000</b>	<b>-15 000</b>	<b>123 409</b>
<b>Opplæring</b>						
Kostnader:	1 919 764	2 988 669	64,2 %			2 008 968
Inntekter:	-274 999	-259 979	105,8 %			-275 374
<b>Netto</b>	<b>1 644 765</b>	<b>2 728 690</b>	<b>60,3 %</b>	<b>-28 000</b>	<b>-26 000</b>	<b>1 733 594</b>
<b>Skatt og rammetilskot</b>						
Inntekter:	-4 178 863	-6 370 000	65,6 %			-4 076 577
<b>Netto</b>	<b>-4 178 863</b>	<b>-6 370 000</b>	<b>65,6 %</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-4 076 577</b>
<b>Renter og avdrag</b>						
Kostnader:	118 378	751 000	15,8 %			134 375
Inntekter:	-24 178	-33 000	73,3 %			-29 736
<b>Netto</b>	<b>94 200</b>	<b>718 000</b>	<b>13,1 %</b>	<b>5 000</b>	<b>0</b>	<b>104 639</b>
<b>Kraftinntekter</b>						
Kostnader:	31 388	50 000	62,8 %			33 875
Inntekter:	-84 065	-111 000	75,7 %			-70 877
<b>Netto</b>	<b>-52 677</b>	<b>-61 000</b>	<b>86,4 %</b>	<b>15 000</b>	<b>10 000</b>	<b>-37 002</b>
<b>Fellesfunksjonar/lønsavsetj.</b>						
Kostnader:	160 322	310 025	51,7 %			78 134
Inntekter:	-245 055	-170 273	143,9 %			-168 765
<b>Netto</b>	<b>-84 733</b>	<b>139 752</b>	<b>-60,6 %</b>	<b>5 000</b>	<b>5 000</b>	<b>-90 631</b>
<b>NETTO FYLKET TOTALT</b>	<b>-914 039</b>	<b>-10</b>		<b>7 000</b>	<b>-3 000</b>	<b>-1 064 706</b>

## Saksprotokoll i fylkestinget - 03. og 04.10.2017

Det var 55 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.

2. Budsjettet for 2017 vert endra slik:

a) Drift:

Art	Stad	Tekst	Meirutg./mindreinnt.	Mindreutg./meirinnt.
14700	600 780 00	Lærlingtildskot	6 000 000	
18000	700 200 00	Rammetildskot	2 000 000	
18000	700 200 10	Inntektsutjamning		8 000 000
			8 000 000	8 000 000

b) Investering:

Art	Stad	Prosjekt	Tekst	Meirutg./mindreinnt.	Mindreutg./meirinnt.
02300	300 270 00	07806	Bussanlegg Askøy		4 000 000
02300	300 420 00	07602	Fylkesveginvesteringar		74 900 000
07700	300 420 00	07602	Fylkesvegar - bompengar	49 900 000	
02100	310 235 00	07803	Bybanevogner	27 000 000	
			Bybanevogner -		
08100	310 235 00	07803	belønningsmidl.		45 000 000
02300	320 075 20	07904	Bybanen 4.byggjesteg	22 000 000	
07700	320 075 20	07904	Bybanen bompengar	78 000 000	
02300	614 020 00	06026	Nye Voss gymnas		60 000 000
02300	617 020 00	06034	Tertnes vgs.		10 000 000
02300	621 020 00	06030	Bergen Katedralskole - tilbygg		15 000 000
02300	638 020 00	06029	Åsane vgs.	20 000 000	
06701	773 200 00	07321	Sal Arna vgs.		3 000 000
02300	777 021 00	03001	Skulebruksplanen - planmidl.		2 000 000
09100	790 100 00	09980	Lån	58 500 000	
			Bruk av disp.fond (oversk.)		
09400	790 100 00	09980	2016)		68 400 000
07290	790 110 00	09980	Momskompensasjon	26 900 000	
				282 300 000	282 300 000